


Sande skule

«Vi har elevar og tilsette som gjer sitt beste»- Rektor Rune Kvammen



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	282	268	252	-30
Kapasitet	300			
Kapasitetsutnytting i prosent	94%	89%	84%	
Ledig kapasitet	18			
Gjennomsnittleg klassessorleik	18,8			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	10,3			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	14,1			
Gruppestørrelse 8.-10. (Norm 20)	14,2			
Barn i SFO	45 av 91 som utgjer 49%			

Vedlegg 10 Bemanning

Lærarårsverk	38,2
Leiingsressurs årsverk	2,2
Snittalder	40,6
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Engelsk 1.-7., sosiallærer og vernepleiar.

Økonomi

Rekneskap 2022	kr	30 105 513
Budsjett 2023	kr	35 458 560
Rekneskap 2023	kr	35 777 688
Budsjett 23 utan SFO	kr	34 502 531
Rekneskap 23 utan SFO	kr	34 797 080
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	123 394



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehage	Sande barnehage
Tilknytning til andre tenestetilbod	Skulen har symjeanlegg og idrettshall. Tilgang til nærbibliotek.
Bustad og næring	Sande har rikeleg kapasitet i gjeldande planverk, og er godt rigga til å møte vekst.

Bygningsmasse

Byggjeår	1967 (oppgradering i 93, 96, 13 og 15)
Areal	4126
Teknisk stand /oppgraderingbehov	Eige rehabiliteringsprosjekt pågår. Du kan lese meir om det her.

Andre forhold

Avstand Førde sentrum	21,7 km
Avstand til Halbrend skule	20,2 km
Avstand til Bygstad skule	14,2 km
Avstand til Flatene skule	21,7 km
Forhold ved skulevegen	114 elevar har skuleskyss

Tilbakemeldingar frå ungdomsrådet, foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Høg og variert fagleg kompetanse blant dei tilsette ved Sande skule.
- Tilgang på Gaularhallen og symjehall for undervisning og aktivitet.
- To-lærarsystem i skriftlege fag på ungdomssteget for betre støtte og oppdeling av elevgruppa.



Vedlegg 10

- Tverrfagleg arbeid og varierte undervisningsformer, i tråd med intensjonen i Kunnskapsløftet.

Forbetringsområder

- Mangel på ringevikarar med fagleg utdanning.
- Behov for å inkludere nye yrkesgrupper som miljøarbeidarar og sosialarbeidarar.
- Utfordringar knytt til sjukefråvær og fokus på mange utviklingsområde.
- Forbetring av overgangar mellom barnehage og skule, og mellom trinna i skulen.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Deling av store klassar forbedrar læringsmiljøet og gjer det mogleg å ha fokus på god klasseleiing.
- God kommunikasjon på tvers av trinn og team.
- God relasjonsbygging og samhandling med føresette og mellom tilsette.
- Bruk av Gaularhallen og varierte læringsformer.

Forbetringsområder

- Utfordringar med store elevkull som krev deling.
- Ufaglærte og uerfarne vikarar over lengre periodar.
- Romsituasjonen og kvaliteten på bygget er ikkje ideell for drifta.
- Behov for miljøarbeidar/sosiallærer på grunn av aukande behov for anna kompetanse knyt til oppfølging av elevar med ulike utfordringar.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen er eit samlingspunkt og tilbyr eit godt pedagogisk opplegg.
- Samarbeid med lokale organisasjonar og næringsliv.
- Gaularhallen som eit sosialt samlingspunkt.
- Aktivitetar som gardsbesøk og samarbeid med skulemusikken.

Forbetringsområder

- Utvida samarbeid med lag og organisasjonar, spesielt utanfor skuletida.
- Forbetring av uteområdet for å skape betre leikeareal.
- Meir samarbeid med lokale bedrifter og arrangement i bygda.
- Skulen bør gjere seg meir synleg i lokalmiljøet.

Andre innspel

- Det er behov for ein plan som sikrar føreseieleg skulestruktur framover.
- Unngå generelle nedskjeringar og vurdere nedlegging basert på faktisk elevgrunnlag.
- Skape meir føreseielege vilkår for skular med lågt elevtal.
- Kommunen bør vurdere oppretting av ein vikarpool og redusere bruk av ufaglærde som vikarar.
- Flyktningar og andre grupper med spesielle behov burde få ein tilpassa innføringsperiode før dei integrerast i skulekretsen.



Prosjektgruppa si oppsummering

No-situasjonen

Sande skule har eit stabilt elevtal og ein høg grad av fagleg kompetanse blant lærarane, med gode fasilitar som Gaularhallen og ein symjehall tilgjengeleg for undervisning.

Skulen nyttar varierte undervisningsmetodar og tverrfagleg arbeid som samsvarar med Kunnskapsløftet 2020. Det er utfordringar knytt til sjukefråvær og mangel på ringevikarar med fagleg utdanning, samt behov for å styrke overgangar mellom ulike trinn og mellom barnehage og skule.

Enkelte elevkull er store nok til å krevje deling, noko som er kostnadsdrivande. Skulen har også utfordringar med romsituasjonen og bygget si tilstand, som ikkje er ideell for drifta. Dette vil løyse seg etter at skulen er rehabilitert.

Det er etterspurt miljøarbeidar/sosiallærer for å takle utfordringar i elevgruppa.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Sande skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærerutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

Organisering

- Det kan vere behov for justeringar i organiseringa for å støtte elevar betre, inkludert endringar i tidspunkt for visse fag og betre utnytting av ressursane.
- Det kan vere nødvendig med ein vikarpool for å redusere bruk av ufaglærde vikarar.

Lokalsamfunn (Struktur)

- Eit viktig moment vil vere skulen si rolle i lokalsamfunnet, og korleis eventuelle strukturendringar vil påverke dette.
- Ein plan som sikrar føreseielegheit for skulestrukturen er essensiell.
- Samarbeid med lokale bedrifter og organisasjonar kan òg forbetre skulen sitt samspel med lokalsamfunnet.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på ([Lenke til websak-postlista](#))

